

Tvisteløysingsnemnda

etter arbeidsmiljølova

Vedtaksdato: 01.09.2016
Ref. nr.: 16/7249
Saksbehandlar: Hallvar Hyldbakk

VEDTAK NR 102/16 I TVISTELØYSINGSNEMNDA

Tvisteløysingsnemnda heldt møte onsdag 25. august 2016.

Ved behandlinga av saka var tvisteløysingsnemnda satt saman slik:

Faste medlemmer

Anne Marie Due (vara for Henning Harborg), leder
Silje Hassellund Solberg, LO
Elisabeth Lea Strøm, NHO

Særskilde oppnemnde medlemmer

Mårten Brandsnes Faret, KS
Hallfrid Kristoffersen, Fagforbundet

Saka gjeld

Tvist om førerett etter arbeidsmiljølova § 14-3

Arbeidstakar

A

Arbeidsgivar

B kommune

Det vart treffe slikt vedtak:

Saksframstilling

A er fast tilsett i 35 prosent stilling som kulturhusvert. Arbeidsgivar er B kommune. Ho har i tillegg ei 15 prosent mellombels tilsetting som fritidsassistent, også med B kommune som arbeidsgivar.

Arbeidet som kulturhusvert inneber mellom anna ansvar for alminneleg ro og orden i huset, vakthald, vere kontaktperson for personale som arbeider i huset på kveldstid, hjelp og rettleiing til leidgetakarar, gjennomføre kinoframsyningar og å ha omsyn med vasskvaliteten i svømmebassenget.

På seinhausten 2015 lyste B kommune ut ei stilling som dagleg leiari på X, som er ei stifting med eige styre. B kommune har opplyst at dei i fleire år har hatt arbeidsgivaransvar for dei tilsette i stiftinga. A fremma krav om førerett til stillinga. Arbeidsgivar avslo kravet.

Stillinga som dagleg leiari på X inneber ansvar for den daglige drifta og økonomistyring, kartlegging/registrering av frivillige, formidla hjelp og informera om frivillig arbeid, samt vere sekretær og sakshandsamar for styret.

Saka vart brakt inn for tvisteløysingsnemnda av Delta B Kommune ved brev poststempla 20. januar 2016.

Overfor nemnda har begge partane fått kome med ytterlegare opplysingar og grunngjevingar i saka.

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidstakar:

- brev poststempla 20. januar 2016
- e-post av 1. april 2016

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidsgivar:

- e-post av 1. mars 2016

Utsegn frå arbeidstakar

A gjer gjeldande at ho har førerett til stillinga som dagleg leiari i X. Den mellombels stillinga som fritidsassistent inneber mykje av dei same oppgåvene som den omtvista stillinga.

Utsegn frå arbeidsgivar

B kommune gjer gjeldande at A ikkje har førerett til stillinga som dagleg leiari av X fordi dette er ei anna stilling med andre arbeidsoppgåver enn ho har som kulturmedarbeidar.

Tviteløysingsnemndas merknader

Arbeidsmiljølova § 14-3 første ledd fastset at ”deltidsansatte har fortrinnsrett til utvidet stilling fremfor at arbeidsgjever foretar ny ansettelse i virksomheten”. Det er eit vilkår at arbeidstakar er kvalifisert for stillinga og at utøving av retten ikkje fører til vesentlege ulemper for verksemda, jf. § 14-3 andre ledd.

Det presiserast i forarbeida til føresegna (Innst. O. nr. 100 for 2004-2005 pkt. 17.2) at føreretten etter § 14-3 gjeld stillingar med om lag dei same arbeidsoppgåvene som den deltidstilsette allereie utfører. Dette er også lagt til grunn i nemndas praksis.

Twisteløysingsnemnda legg til grunn at ei føresetnad for å kunne gjere gjeldande føreretten etter § 14-3 første ledd, er at den deltidstilsette har ei fast stilling i verksemda. Dette kjem mellom anna fram av forholdet til føresegna om førerett til ny tilsetting i § 14-2 (2), sjå nærmere Ot.prp. nr. 49 (2004-2005) side 227 (annan spalte, nest siste avsnitt), og følger også av føresetnadene til føresegna i § 14-3 (3). Det er difor berre stillinga som kulturhusvert/kulturhusmedarbeidar som kan gi grunnlag for ei førerett til den omtvista stillinga, og det avgjerande blir såleis om denne stillinga har om lag dei same arbeidsoppgåvene som den omtvista stillinga. Slik saka er opplyst kan nemndas ikkje sjå at den omtvista stillinga har om lag dei same arbeidsoppgåvene som stillinga A har i dag, og ho har difor heller ikkje førerett til stillinga.

Konklusjon

Arbeidstakar gis ikke medhald

Twisteløysingsnemnda

Anne Marie Due
leiar

Oslo, 01.09.2016

Til orientering:

Twister som nevnt i §§ 10-13, 12-14, 14-3 og 14-4a kan bringes inn for domstolene etter at twisteløsningsnemndas avgjørelse foreligger, jf. arbeidsmiljøloven § 17-2 (2). Nemndas konklusjon står ved lag mens saken er til behandling ved domstolene. Dersom dette vil virke urimelig, kan retten etter krav fra en av partene fastsette en annen midlertidig ordning.

Fristen for å bringe twisten inn for domstolene er åtte uker regnet fra det tidspunkt twisteløsningsnemndas avgjørelse foreligger, jf. arbeidsmiljøloven § 17-2 (3).